

Vedlegg: Oversikt over dei verksemdene som skal delta i undersøkinga

Vi manglar opplysningar om desse verksemdene:

Org.nr.:	Namn/Avdeling:	Adresse:
975293319	RADØY KOMMUNE FELLESTENESTE SKULE/BARNEHAGE	Radøyvegen 1690 5936 MANGER
976674030	RADØY MUSIKK- OG KULTURSKULE	Radøyvegen 1690 5936 MANGER
975299163	RADØY UNGDOMSSKULE	Idrettsvegen 15 5936 MANGER



RADØY KOMMUNE SKULEADMINISTRASJON
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Kongsvinger, 5. juli 2017
Vår ref.: 17/592
Avdeling for digitalisering og fellesfunksjoner

Vedtak om opplysningsplikt: RADØY KOMMUNE SKULEADMINISTRASJON skal delta i undersøkinga Eigenmeldt sjukefravær

Statistisk sentralbyrå (SSB) treng informasjon frå RADØY KOMMUNE SKULEADMINISTRASJON for å lage offisiell statistikk om Eigenmeldt sjukefravær. De skal rapportere kvartalsvis. Nedanfor får de informasjon om kva opplysningsplikta inneber. De skal rapportere elektronisk via Altinn. Informasjon om sjølve rapporteringa og fristar får de seinare i eit eige brev.

Kva skal de rapportere?

For å kunne utarbeide statistikk over utviklinga i sjukefraværet treng vi informasjon om eigenmeldt sjukefravær blant dei tilsette i verksemda.

Svara dykkar er viktige

Offentlege verksemdar, næringsliv, forskarar og politikarar bruker statistikken for å forstå utfordringane på feltet og planleggje for framtida.

På <http://www.ssb.no/innrapportering/naeringsliv/egen-sykefravar> kan de lese meir om korleis de svarer på undersøkinga.

De har plikt til å rapportere innan fristen

Statistikken er så viktig for samfunnet at det ikkje er valfritt å delta. Opplysningsplikta gjeld for verksemda/verksemdene som er lista opp på baksida av brevet. Sender de ikkje opplysningane innan fristen, vil føretaket få tvangsmulkt.

Har de skifta namn, næring eller adresse?

Dersom føretaket har endra namn, næring (verksemd/aktivitet) eller adresse, må de melde dette til Brønnøysundregistra ved å bruke del 1 av Samordna registermelding på www.brreg.no.

Aktuelt regelverk

- plikt til å gi og rett til å hente inn opplysningar: statistikkloven § 2-2
- rett til å påleggje tvangsmulkt: statistikkloven § 2-3
- rett til å tvangsinndrive mulkt og krevje betaling for kostnader: tvangfullbyrdelsesloven
- rett til å klage på eit vedtak: forvaltingsloven kapittel VI

Desse lovane finn de på www.lovdatabase.no.

Meiner de at vedtaket er feil?


Meiner de at føretaket ikkje har opplysningsplikt, kan de klage på vedtaket innan tre veker rekna frå de tek imot vedtaket. De må grunngi klagen, og alle opplysningar som kan ha konsekvens for behandling av klagen, bør takast med.

Det er Finansdepartementet som er klageinstans, men de sender klagen til Statistisk sentralbyrå,

Har de spørsmål?

De kan ta kontakt med svartenesta vår på e-post sykefra@ssb.no eller telefon 62 88 51 90 dersom noko er uklart eller de har spørsmål om vedtaket. Svartenesta er open kl. 09–15 alle kvardagar. Ha organisasjonsnummeret til føretaket klart, så kan vi hjelpe dykk raskare. For spørsmål om Altinn ta kontakt med brukarservice på telefon 75 00 60 00.

Med helsing



Christine Meyer
administrerande direktør



Anne Sundvoll
seksjonssjef